



Terje Dale
Lyngvegen 39
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6856 - 20/49715

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
16.08.2020

Klage på saksbehandlingsgebyr vert ikkje tatt til følgje - gbnr 188/196 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 815/20

Saka gjeld: Klage på gebyr
Klagar: Tiltakshavar Terje og Veronika Dale

VEDTAK

Det ligg ikkje føre særlege grunnar for å redusera gebyret, jf. Alver kommune si gebyrforskrift punkt 4.9. Søknaden om bortfall av gebyr vert avslått.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

SAKSUTGREIING

Saka gjeld

Tiltakshavar Terje og Veronika Dale har i e-post datert 25.06.2020 klaga på saksbehandlingsgebyret som er fakturert i samband med godkjend søknad om oppføring av støttemur på eigedomen gbnr 188/196. Dei ber om at det vert gitt fritak for fakturert saksbehandlingsgebyr.

Alver kommune mottok 10.03.2020 søknad om løyve i eitt-trinn for oppføring av støttemur på gbnr 188/196. Søknaden omfatta også dispensasjon frå regulert byggegrense og avstandskrava til offentlig leidningsnett.

Søknaden var ikkje fullstendig ved innsending. Kommunen etterlyste tilleggsdokumentasjon i brev datert 02.04.2020. Søknaden var komplett og klart for handsaming ved innsending av tilleggsdokumentasjon mottatt 28.04.2020 og det vart gitt dispensasjon frå regulert byggegrense og løyve til oppføring av støttemur i vedtak datert 08.06.2020.

Kommunen har fakturert følgjande gebyr i saka:

Søknadspåltige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
9.1.2	Dispensasjon frå byggegrense i plan	1	Kr 10 300,-	Kr 10 300,-
9.1.4	Melding til søkjar om behov for tilleggskokumentasjon	1	Kr 1 700,-	Kr 1 700,-
10.2.6	Konstruksjonar og anlegg – støttemur	1	Kr 17 600,-	17 600,-
	Totalt gebyr å betala:			Kr 29 600,-

Klagen

Tiltakshavar har klagd på gebyret ved e-post datert 25.06.2020. Klagen er mottatt innan fristen på 3 veker frå faktura er mottatt. Tiltakshavar skriv følgjande i klagen:

«I desember 2018 sendte vi inn en byggesøknad. Etter mye frem og tilbake hadde jeg klart å skaffe til veie det jeg hadde oppfattet skulle til for å evt få godkjent søknaden, men da det omsider nesten var en avklaring i byggesaken fikk jeg beskjed om at det nå var ny kommune og at vi måtte søke på nytt. For oss virket det helt bak mål at det skulle gå ut over oss at det ble ny kommune, dette forlenget byggesøknaden betraktelig. Iflg regelverket sies det at dersom det tar lengre tid enn 12-16 uker skal vi ikke betale gebyr for søknad. Selv om den siste søknaden er innenfor tidsfristen er det gått 1,5 år siden vi begynte å søke!!

Ber om at gebyr for byggesøknad fjernes.

Inntil vi har fått en avklaring fra dere på dette, vil ikke fakturaen bli betalt.»

VURDERING

Gebyret som er fakturert i saka er gjeve med heimel i gebyr og betalingsattsar som gjeld for Alver kommune. Gebyrforskrifta er vedtatt av kommunestyret 19.12.2020.

I gebyrforskrifta punkt 4.10 står det:

«Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er mottatt. Søknad om redusert gebyr skal være grunngeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.»

Søknaden er grunnsett i at det er eitt og eitt halvt år sidan søknadsprosessen starta og at dette må leggast til grunn for utrekninga av gebyr sjølv om søknaden om støttemur som er behandla i vedtak datert 08.06.2020 er behandla innanfor fristen.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnader knytt til den enkelte sakstype. Kommunen kan ikkje sjå at grunngevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr.

Kommunen mottok 28.12.2018 søknad om oppføring av hagestove, altan, bod og støttemur på eigedomen, jf. arkivsak 18/3850.

Søknaden var ikkje komplett og måtte mellom anna supplerast med søknad om dispensasjon frå fleire forhold og løyve til å plassera muren oppå kommunal kloakkleidning.

Etter å ha mottatt tilleggsdokumentasjon godkjende kommunen tiltaket delvis i vedtak datert 05.12.2019. Kommunen kunne ikkje godkjenna muren på grunn av at manglande dokumentasjon i forhold til prosjektering og utføring og dispensasjon for kryssing av kommunal avløpsleidning, ikkje låg føre. Det vart i vedtaket orientert om kva som måtte dokumenterast dersom tiltakshavar ønska å senda inn ny søknad.

Kommunen kan ikkje sjå at grunngjevinga i søknaden gjev grunnlag for fritak for gebyr. Det er ansvarleg søkjar som er ansvarleg for at søknaden inneheld nødvendige opplysningar slik at kommunen kan ta stilling til tiltaket. Kommunen behandla søknaden ut frå den dokumentasjon som låg i saka på , men kunne ikkje ta stilling til muren. Tiltakshavar klaga ikkje på vedtaket.

Ny sak, med nytt ansvarleg føretak, vart send inn til kommunen 10.03.2020. Det vart gitt dispensasjon frå regulert byggegrense og løyve til oppføring av støttemur i vedtak datert 10.03.2020. Gebyr er fakturert i samsvar med gjeldande gebyrforskrift.

På bakgrunn av dette kan vi ikkje sjå at det er lagt fram grunnar som tilseier at det skal gjevast fritak for eller reduksjon av gebyret i denne saka.

Vi gjer elles merksam på at det føl av føresegn 4.1 i gebyrforskrifta at klage eller søknad om fritak/reduksjon av gebyr ikkje fører til utsatt betalingsfrist.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Veronika og Terje Dale

Lyngvegen 39

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Terje Dale

Lyngvegen 39

5914

ISDALSTØ